

**Notat**Dato: 15.11.2018  
Arkivsak: 2017/17981-18  
Saksbehandlar: solrong

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** fylkesrådmann**Rapport om prosjekt for skjøtsel, tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne innanfor Bevaringsprogram for Utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2018****Samandrag**

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) er ei tiårig nasjonal satsing på skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne i regi av Riksantikvaren, med midlar frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 70. Fylkeskommunane, Sametinget og landsdelsmusea har høve til å søkje om midlar til dokumentasjon, skjøtsel og sikring, formidling, tilrettelegging og FoU-prosjekt frå ordninga. I sak 280/12 november 2012 vedtok Fylkesutvalet ei prioriteringsliste for BARK-ordninga. Det er krav om at kulturminne står på denne lista for å søkje midlar frå ordninga.

I sak 248/14 oktober 2014 vedtok fylkesutvalet ei regional tilpassing av tilskotsordninga med betre lokal forankring. Hordaland fylkeskommune lyser kvart år ut tilskotsordninga, og kommunar og lag/organisasjonar har høve til å søkja. Søknadsfrist til Hordaland fylkeskommune er 1. november kvart år. Søknadene vert så handsama politisk i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling (KIRU), som avgjer kva søknader som skal sendast vidare til Riksantikvaren og med kva prioritering. KIRU vedtar òg endringar i prioriteringslista som følgjande ordninga. Søknadsfrist til Riksantikvaren er 15. januar.

Det er krav om årleg rapportering av framdrift og bruk av midlar. Kommunar og lag/organisasjonar som er tildelt tilskot rapporterer til Hordaland fylkeskommune, som samanfattar ein rapport til Riksantikvaren for alt gjennomført arbeid knytt til tilskotsordninga i Hordaland. Rapporten for gjennomført arbeid 2018 ligg vedlagt.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmannPer Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Rapport om prosjekt for skjøtsel, tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne innanfor Bevaringsprogram for Utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2018

Vedlegg

- 1 Rapport om prosjekt for skjøtsel, tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne innanfor Bevaringsprogram for Utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2018
- 2 Rapport om prosjekt for skjøtsel, tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne innanfor Bevaringsprogram for Utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2018